

3 SEP. 2007

2007 2492-0 52

Til Kulturdepartementet

## Høyringsfråsegn allmennkringkastingsplakat for NRK

Distriktsprogramrådet i Sogn og Fjordane er positive til at kulturdepartementet har sett i gang arbeidet med å klargjera NRK sitt oppdrag med utarbeidinga av ein allmennkringkastingsplakat.

Det er mykje godt i framlegget frå departementet. Distriktsprogramrådet er mellom anna godt nøgde med at plakaten er tydeleg på kravet om 25 prosent nynorsk. Det er også svært positivt at det blir stilt krav om eit "...godt lokalt tilbud og lokal tilstedeværelse..."

Distriktsprogramrådet er derimot lite nøgde med kulepunktet: "...NRK plikter å sende innhold som enten er produsert i, eller som tar det innholdsmessige utgangspunkt, i distriktene..."

Etter vår vurdering er dette ei unødvendig formulering som kan sløyfast i ein slik allmennkringkastingsplakat. Vi fryktar at eit slikt punkt vil gi NRK helmel for å produsera distriktsstoff i sentrale redaksjonar i Oslo, noko som vil vera svært negativt for NRK og for innbyggjarane i landet.

I tillegg meiner vi det bør stillast strengare krav til NRK med omsyn på programproduksjon andre stader enn i Oslo. Distriktsprogramrådet i Sogn og Fjordane er informert om at talet på stillingar ved distriktskontora er redusert dramatisk dei siste fem åra – medan talet på tilsette på Marienlyst i langt større grad har vore skjerna. Jf. formuleringa i Soria Moria-erklæringa om at distriktskontora skal ha gode arbeidsvilkår, bør regjeringa syta for at denne utviklinga blir snudd.

BBC er ein allmennkringkastar som har tatt til seg slike styringssignalar frå styremaktene. Der er det vedtatt at mykje av aktiviteten skal flyttast vekk frå London.

I NRK ser det ut til å skje ei utvikling motsett av BBC. Det blir ikkje lenger produsert underhaldningsprogram i Bergen. Berre nokre få gonger skjer det større produksjonar i distrikta som Melodi Grand Prix eller større idrettsarrangement. Ofte må desse sendingane sponsast av lokalt næringsliv og kommunar.

Distriktsprogramrådet i Sogn og Fjordane ynskjer difor ein allmennkringkastingsplakat som kan gi eit meir desentralisert NRK. Under hovudpunktet NRK skal styrke norsk språk, identitet og kultur ynskjer vi oss ei formulering som understrekar dette. For eksempel slik:

- I tillegg til eit god nyhendetilbod frå heile landet, skal NRK også vera til stades med større programproduksjonar frå alle landsdelar. Ma. idrettsarrangement og større kulturarrangement.

Førde 30.08-07

For distriktsprogramrådet i Sogn og Fjordane

Trude Brosvik, leiar

A handwritten signature in black ink that reads "Trude Brosvik". The script is cursive and fluid.

Kopl: Kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas  
Styreleiar NRK Hallvard Bakke